

Årsmøte i Nordfjord Golfklubb, 2012

Årsmøtet vart halde på Stokkenes Gjestegard, fredag 13.01.2012 frå klokka 19.00 til 21.00. Det var totalt 20 fram møtte, inklusive styremedlemmar. Årsmøtedeltakarane vart ynskte velkommen av styreleiar Tøger Lien.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Regulering av kontingent, greenfee, årskort
6. Endring av andelsordning – styrets innstilling til årsmøte
7. Avtale for garasje – lagringsplass for klubben – styrets innstilling
8. Val av leiar.
9. Val av styremedlemmar og varamedlemmar.
10. Orientering om avtaleprosess med Stryn Golfklubb
11. Orientering om prosess mot hovudsponsor
12. Eventuelt

Protokoll for Nordfjord Golfklubb

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var sendt til alle medlemmar på e-post, samt lagt ut på Nordfjord GK sin portal, facebook og twitter.

Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend.

2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.

| | |
|-------------------------|-----------------------------------|
| Møteleiar: | Tøger Lien |
| Referent: | Arild Hjelmeland |
| Protokollunderskriving: | Kent Tryggestad og Agnar Kvalsund |

Vedtak: Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen vart samrøystes vedteke

3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart lest av Styreleiar og leiarar av dei forskjellige komitéane.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes vedteken

4. Rekneskap og budsjett.

Joar Sæten presenterte rekneskapet for sesongen 2011 og budsjett for sesongen 2012.

Vedtak: Rekneskapen for 2011 og budsjettet for 2012 vart samrøystes vedteke.

5. Regulering av: kontingent, greenfee, årskort og baneandelar.

Regulering av medlemskontingent, greenfee og årskort vart handsama under årsmøte i Nordfjord Golfklubb.

Vedtak:

- Medlemsavgift, senior – kr. 1000,-
- Medlemsavgift, junior kr. 500,-(inntil det året ein fyller 18)
- Medlemsavgift under 12 år, kr. 0,-
- Årsgreenfee senior, kr. 2.000,-
- Årsgreenfee junior, kr. 1000,-
- Dagsgreenfee senior, kr. 200,-
- Dagsgreenfee junior, kr. 100,-

Vedtak: Kontigentar og greefees vart samrøystes vedteke

6. Endring av andelsordning – styrets innstilling til årsmøte

Styreleiar la fram drøftingsforslag og historikk rundt andelsordning i NGK. Etter drøftingar i årsmøte kom ein til at ein ikkje endrar denne ordninga.

Vedtak: Andelsordning vert ikkje endra, samrøystes vedteke

7. Avtale for garasje – lagringsplass for klubben – styrets innstilling

Styret la fram forslag til årsmøte og informerte om situasjonen no og behov i 2012.

Vedtak: Det vert etablert arbeidsgruppe som skal vurdere dei tre alternativa som ligg føre, med formål om avklaring og realisérbar løysing før utgangen av mars 2012.

Dette inneberer løysing og kostnadsoverslag, som vert å legge fram for styret i april 2012.

Val av gruppe: Kent Tryggestad, Tøger Lien, Elias Nes og Dagfinn Gjerde.

Vedtak: Styrets innstilling vart samrøystes vedteke

8. Val av leiar.

Valnemnda ved Arild Hjelmeland, la fram forslag på leiar, Tøger Lien

Vedtak: Tøger Lien vert leiar for NGK for 2012, samrøystes vedtak.

9. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitémedlemmar.

Valnemnda ved Arild Hjelmeland, la fram forslag på styremedlemmar og komitémedlemmar:

Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:

Valprotokoll for sesongen 2012

| Gruppe | Verv | 2012 | På val |
|--------|-------------------|-------------------|--------|
| Styre | Leiar | Tøger Lien | 2013 |
| | Nestleiar | Bodil Rasmussen | 2014 |
| | Sekretær | Arild Hjelmeland | 2013 |
| | Kasserar | Joar Sæten | 2013 |
| | Marknadsansvarleg | Jan Skogstad | 2013 |
| | Styremedlem | Kent Tryggestad | 2014 |
| | Vara | Roar Halkjelsvik | 2014 |
| | Grunneigar | Svein Fjørtoft | - |
| | Grunneigar | Stephan ter Stege | - |

| | | | |
|---|---------------|---|--|
| HCP – kontaktperson | Leiar | Kent Tryggestad | 2013 |
| Banekomite | Leiar | Kent Tryggestad Per Bøen Tore Naustdal Per Bergheim Svein Fjørtoft Stephan ter Stege | 2014 2013 2014 2014 - - |
| Sportskomite | Leiar | Roger Challen Joar Sæten Bodil Rasmussen Siri Myklebust | 2014 2013 2013 2013 |
| Rekruttering – opplæring Veien til golf m.m. | Leiar | Bjørn Lien Agnar Kvalsund Linn-Beathe Leivdal Rye Thomas Størøy | 2013 2013 2013 2013 |
| Medlem i Idrettsrådet, Eid kommune | Leiar Vara | Arild Hjelmeland Tøger Lien | 2014 2014 |
| Skule kontakt | Leiar | Roar Halkjelsvik | 2014 |
| Vågsøy kontakt | Leiar | Jacob G. Rasmussen | 2014 |
| Valnemnd Styrets innstilling | Leiar | Arild Hjelmeland Thomas Størøy | 2013 2014 |

10. Orientering om avtaleprosess med Stryn Golfklubb

Styreleiar orienterte om at avtale mellom NGK og Stryn GK er på plass og at det gjenstår berre signering og sjølvstilt profilering av avtalen. Avtalen inneberer at Stryn GK har Stokkenes Golfpark som si heimebane.

Årsmøte tok dette til orientering

11. Orientering om prosess mot hovudsponsor

Styreleiar informerte om langvarig prosess opp mot mogeleg hovudsponsor. Dette arbeidet er ennå ikkje avslutta, og det er beramma nytt møte med ein bank den 20. januar 2012. Klubben ser det slik at ved at vi no har avtale på plass frå Stryn og større profilering mot Måløy, så vil vi vere av større interesse for regional profilering og sponsor.


Årsmøte tok dette til orientering

12. Eventuelt

Styreleiar orienterte om at NGK har meldt seg og teikna aksjar for Nordfjord Vekst av strategiske grunnar.

Årsmøte tok dette til orientering

Nordfjordeid, 17. januar 2012



-Kent Tryggestad-



-Agnar Kvalsund-